



Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Møterom Sunnfjord - Rådhuset
Dato: 18.05.2026
Tid: Kl. 16:00 - 18:00

Følgande medlemmer møtte:

Parti:

Andreas Fluge Hoff
Arno Abolins
Birk Sørebo Hauger
Brage Savland Lending
Daniel Ellevåg
Edda Systad Ask
Ella Hafstad Holsen
Frida Løddøen Hove
Hanne Bijsterbosch
Hilmar Santistevan
Karoline Reikvam Knausgård
Liva Hatlestad
Olai Aardalsbakke Djupvik
Rebekka Lervik
Sondre Støfring
Theodor Eliassen Fink

Forfall:

Parti:

Møtande varamedlem:

Parti

Abdimalik Mohammed Abdi
Helene Andrea Haukereid
Magnus Edvardsen
Tina Sægrov

Ingen varamedlem.
Natalie Tønning Sønnervik
Ingen varamedlem.
Bernhard Engel A. Aarseth

Andre:

Eli Britt Danielsen	ungdomskoordinator
Malin Solheim Moldestad	rådgjevar
Åge Ansgar Stafsnes	kommunalsjef skule

Møteleiar: Birk Sørebo Hauger

Merknader:

- Sidan leiaren i ungdomsrådet hadde forfall, leiar nestleiareren møtet.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
028/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/26	Orienteringar
030/26	Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Våren 2026
031/26	Open post

028/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiaren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Behandling i Ungdomsrådet 18.05.2026:

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Einstemmig vedtak

UR- 028/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste blir godkjent.

029/26: Orienteringar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane blir teke til vitande.

Behandling i Ungdomsrådet 18.05.2026:

Det vart orientert om følgande saker:

- Status på skuletiltaka v/Åge Stafnes, kommunalsjef skule
 - presentasjonen er lagt ved.
- Vedtak i kommunestyret på sakene ungdomsrådet behandla i førre møte v/Malin Moldestad, møtesekretær
- Presentasjon av ungdomsrådet i årsmelding i kommunestyret 30.04.26 v/Birk Sørebo Hauger

UR- 029/26 Vedtak:

Orienteringane blir teke til vitande.

030/26: Utdeling av ungdomsrådet sine midlar – Våren 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet vedtek følgande utdeling av ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom, våren 2026:

Søkar	Tiltak	Stad	Søknads- sum	Utdeling
Solstålen 4H	Innkjøp av steiketakke til matlaging til arrangement for å markere Landbrukets år.	Angedalen	3000 kr	
Solstrålen 4H	Innkjøp av kjøkkenmaskin og vaffeljern til opplæring av matlaging.	Angedalen	6500 kr	
Huldri Galleri	Utstyr til prosjektet «Maol Og Morro» for barn og ungdom.	Førde	15 000 kr	

Viksdalen nærmiljøråd	Arrangere aktivitetsveke for barn frå 1.–7. klasse og ei friluftshelg for ungdom frå 8.–10. klasse	Viksdalen	10 000 kr	
Førde Bogeskyttarklubb	Inspirasjonssamling med ungdomar frå andre klubbar.	Uvisst.	8000 kr	
Førde Bogeskyttarklubb	Arrangere aktivitetsleiar-kurs for både dei yngre, men også eldre medlemmer.	Uvisst.	4000 kr	
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Rekrutteringsprosjekt TØFT for born og unge som driv med folkemusikk og folkedans i Sogn og Fjordane	Skei eller Viksdalen	10 000 kr	
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Støtte til Minikappleiken, mønstring i folkemusikk og folkedans for dei yngste.	Skei	5000 kr	
Dans utan grenser Jølster	Midlar til danseoppdrag og workshop i Italia for dansarane.	Italia	20 000 kr	
Førde ungdomsskule	Utstyr til friminuttsaktivitet ved den nye ungdomsskulen	Førde	17 000 kr	
Slåtten skulemusikk	Vidareføring av prosjektet «Mentor Slåtten» gjennom haustsemesteret 2026.	Førde	4200 kr	
Førde symjelag	Innkjøp av badeleker som kan brukast ved opplæring av symjeaktivitetar.	Førde	50 000 kr	
Jølster idrettslag	Felles sesongstart for alle handballgruppene i Jølster.	Vassenden	8000 kr	
Totalt			160 700 kr	

Behandling i Ungdomsrådet 18.05.2026:

Fellesframlegg frå ungdomsrådet, fremja av Birk Sørebo Hauger ():

Fellesframlegg frå ungdomsrådet, fremja av Birk Sørebo Hauger ():

Ungdomsrådet vedtek følgande utdeling av ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom, våren 2026:

Søkar	Tiltak	Stad	Søknads-sum	Utdeling
Solstrålen 4H	Innkjøp av steiketakke til matlaging til arrangement for å markere Landbrukets år.	Angedalen	3000 kr	3000 kr
Solstrålen 4H	Innkjøp av kjøkkenmaskin og vaffeljern til opplæring av matlaging.	Angedalen	6500 kr	0 kr

Huldri Galleri	Utstyr til prosjektet «Maol Og Morro» for barn og ungdom.	Førde	15 000 kr	8000 kr
Viksdalen nærmiljøråd	Arrangere aktivitetsveke for barn frå 1.–7. klasse og ei friluftshelg for ungdom frå 8.–10. klasse	Viksdalen	10 000 kr	8000 kr
Førde Bogeskyttarklubb	Inspirasjonssamling med ungdomar frå andre klubbar.	Uvisst.	8000 kr	5500 kr
Førde Bogeskyttarklubb	Arrangere aktivitetsleiar-kurs for både dei yngre, men også eldre medlemmer.	Uvisst.	4000 kr	0 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Rekrutteringsprosjekt TØFT for born og unge som driv med folkemusikk og folkedans i Sogn og Fjordane	Skei eller Viksdalen	10 000 kr	5000 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Støtte til Minikappleiken, mønstring i folkemusikk og folkedans for dei yngste.	Skei	5000 kr	0 kr
Dans utan grenser Jølster	Midlar til danseoppdrag og workshop i Italia for dansarane.	Italia	20 000 kr	0 kr
Førde ungdomsskule	Utstyr til friminuttsaktivitet ved den nye ungdomsskulen	Førde	17 000 kr	3000 kr
Slåtten skulemusikk	Vidareføring av prosjektet «Mentor Slåtten» gjennom haustsemesteret 2026.	Førde	4200 kr	4000 kr
Førde symjelag	Innkjøp av badeleker som kan brukast ved opplæring av symjeaktivitetar.	Førde	50 000 kr	5000 kr
Jølster idrettslag	Felles sesongstart for alle handballgruppene i Jølster.	Vassenden	8000 kr	5000 kr
Førde speidatgruppe	Innkjøp av telt	Førde	5000 kr	3500 kr
Totalt			160 700 kr	50 000 kr

Ungdomskoordinator Eli Britt Danielsen informerte om retningslinjene for utdelinga og innkomne søknadar.

Theodor Eliassen Fink bad om habilitetsvurdering sidan han er medlem i styret i Førde speiargruppe, som har sendt inn søknad.

Eit einstemmig ungdomsråd erklærte Theodor som inhabil under debatt og avstemming om søknaden frå Førde speidargruppe, men elles habil, jf. fvl. § 6 andre ledd.

Karoline Reikvam Knausgård og Arno Abolins bad om habilitetsvurdering som følge av at dei er medlemmer i elevrådet ved Førde ungdomsskule som har sendt inn søknad.

Eit einstemmig ungdomsråd erklærte Karoline og Arno som inhabil under debatt og avstemming om søknaden frå Førde ungdomsskule, men elles habil, jf. fvl. § 6 andre ledd.

Ungdomsrådet vart delt i fire grupper som drøfta søknadane og lagde forslag til fordeling.

Gruppene presenterte sine forslag i plenum som var grunnlaget for felles drøfting og eit fellesforslaget frå ungdomsrådet.

Avstemming:

Ungdomsrådet sitt framlegg om søknaden frå Førde Speidargruppe vart **einstemmig**

vedteke (17 stemmer)

Ungdomsrådet sitt framlegg om søknaden frå Førde ungdomsskule vart **einstemmig**

vedteke (16 stemmer)

Ungdomsrådet sitt frellesframlegg, andre søknadar, vart **einstemmig vedteke** (18 stemmer)

UR- 030/26 Vedtak:

Ungdomsrådet vedtek følgande utdeling av ungdomsrådet sine midlar for barn og ungdom, våren 2026:

Søkar	Tiltak	Stad	Søknads- sum	Utdeling
Solstrålen 4H	Innkjøp av steiketakke til matlaging til arrangement for å markere Landbrukets år.	Angedalen	3000 kr	3000 kr
Solstrålen 4H	Innkjøp av kjøkkenmaskin og vaffeljern til opplæring av matlaging.	Angedalen	6500 kr	0 kr
Huldri Galleri	Utstyr til prosjektet «Maol Og Morro» for barn og ungdom.	Førde	15 000 kr	8000 kr
Viksdalen nærmiljøråd	Arrangere aktivitetsveke for barn frå 1.–7. klasse og ei friluftshelg for ungdom frå 8.–10. klasse	Viksdalen	10 000 kr	8000 kr
Førde Bogeskyttarklubb	Inspirasjonssamling med ungdomar frå andre klubbar.	Uvisst.	8000 kr	5500 kr
Førde Bogeskyttarklubb	Arrangere aktivitetsleiar-kurs for både dei yngre, men også eldre medlemmer.	Uvisst.	4000 kr	0 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Rekrutteringsprosjekt TØFT for born og unge som driv med folkemusikk og folkedans i Sogn og Fjordane	Skei eller Viksdalen	10 000 kr	5000 kr
Sogn og Fjordane Folkemusikklag	Støtte til Minikappleiken, mønstring i folkemusikk og folkedans for dei yngste.	Skei	5000 kr	0 kr
Dans utan grenser Jølster	Midlar til danseoppdrag og workshop i Italia for dansarane.	Italia	20 000 kr	0 kr
Førde ungdomsskule	Utstyr til friminuttsaktivitet ved den nye ungdomsskulen	Førde	17 000 kr	3000 kr
Slåtten skulemusikk	Vidareføring av prosjektet «Mentor Slåtten» gjennom haustsemesteret 2026.	Førde	4200 kr	4000 kr
Førde symjelag	Innkjøp av badeleker som kan brukast ved opplæring av symjeaktivitetar.	Førde	50 000 kr	5000 kr
Jølster idrettslag	Felles sesongstart for alle handballgruppene i Jølster.	Vassenden	8000 kr	5000 kr
Førde speidatgruppe	Innkjøp av telt	Førde	5000 kr	3500 kr
Totalt			160 700 kr	50 000 kr

Møteleiaren sitt forslag til vedtak:

Ungdomsrådet tek drøftinga av sakene til orientering.

Behandling i Ungdomsrådet 18.05.2026:

Ungdomsrådet har fått to saker frå ungdommar i den digitale postkassa:

1. **Sande ungdomsklubb frå leiar i elevrådet**

“Vi har nyleg fått ungdomsklubb på Sande. Den er per i dag drifta av FAU. Vi ber om at det blir teken opp til vurdering om også vår ungdomsklubb kan bli drifta av kommunale leiarar, med venleg helsing elevrådsleiar ved Sande skule 😊”

2. **Uttale om flytilbod frå ungdom 15–16 år**

“Kan ungdomsrådet si noko om fly saka? Med tanke på at staten vil ta bort støtte til FOT ruter må jo det og gjøre noko med ungdommen?”

Behandling og drøfting om Flytilbod

Malin Moldestad informerte om nytt **anbod om FOT-rutene** og viste til formannskapet og flyplassutvalet sine uttalar.

13. mai hadde Høgre, Frp, Sp, SV, Raudt, MDG, KrF og Venstre ein felles pressekonferanse og presenterte eit forslag om å stoppe anbodet som stortinget vil behandle på neste møte: *“Stortinget ber regjeringa utarbeide eit nytt anbodsgrunnlag for kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg (FOT-ruter) som sikrar at dagens flytilbod og setekapasitet på dei ulike strekningane vert oppretthalde minst på dagens nivå, med vekt på auka kapasitet på tider med størst behov, utan ei urimeleg prisauke og seinast innan 15. juni 2026 innby til ny konkurranse basert på dette.”*

Sidan Stortinget har tatt tak i denne problemstillinga finn ikkje ungdomsrådet det nødvendig å sende eigen uttale, men støttar uttalen kommunen har sendt som vart vedteke i formannskapet: Uttale om nytt anbod for FOT-ruter i Sør-Noreg.

Ungdomsrådet vil takke for innspeleg, det er viktig for ungdomsrådet at flyrutetilbodet blir oppretthalde og helst styrka.

Behandling og drøfting om ungdomsklubb på Sande

Malin Moldestad informerte om svaret frå kommunalsjefen for idrett og kultur om dagens situasjon:

“Saka om ungdomsklubbar har blitt nøye behandla både av administrasjonen i kommunen og av politikarane. Kommunen har sett på kva som trengst for å drive ein trygg og god ungdomsklubb, til dømes korleis den skal organiserast, kor mykje ressursar som trengst og korleis drifta skal vere. Samtidig er det klart at frivillige kan spele ei viktig rolle i arbeidet med ungdomsklubbar.

I 2024 vedtok kommunestyret eit ønske om kommunal drift:

https://sunnfjord.kommune.no/innsyn/sak-og-dokumentsok-2/#/details/a-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2022026446!BNXKwn/d-cdbba355_4b68_4e6e_a0a8_75d759f5ffc5-2022158343!Okpopn, men på grunn av kommunen sin økonomiske situasjon har det ikkje blitt sett av pengar til dette i årsbudsjett.

Det er kommunestyret som bestemmer korleis kommunen skal bruke pengane sine, og som tek dei endelege avgjerdene i saka. No gjeld eit vedtak frå 13. desember 2024. Der vart det bestemt at ungdomsklubbane skal drivast med hjelp frå frivillige, og det vart sett av 750 000 kroner som frivillige som vil starte ungdomsklubb kunne søke på. Kommunen skal også

jobbe vidare med å få med frivillige og sjå på mogleg støtte frå andre.

Det er altså ikkje sett av pengar i budsjettet til kommunal drift av ungdomsklubben på Sande."

Ungdomsrådet er glade for innspelet og vi har vedteke i vår handlingsplan å jobbe for at det skal vere ungdomsklubb i alle tettstadane med ungdomsskule. Nestleiareren i ungdomsrådet fekk fullmakt til å svare ut førespurnaden. Svaret blir referert i neste møte.

UR- 031/26 Vedtak:

Ungdomsrådet tek drøftinga av sakene til orientering.